

Visitaforedrag Bokn og Tysvær sokn

17. mars Tysvær kyrkje

«Meir himmel på jorda». Kva tyder det egentleg? Det høyrer fint ut, som eit fromt ynskje me berre kan drøyma om. «Meir himmel på jorda» er kyrkja si visjon for verksemda i sokna. Og ein visjon kan vera som ein draum – ei førestilling me kan ha om noko nesten litt for godt til å vera sant.

Men dagane eg har hatt her i Tysvær og Bokn sokn har synt meg at meir himmel på jorda kan vera ei jordnær verkelegheit. Ei røynd der himmelvende folk stikk fingeren i jorda og spør: Korleis kan me vera ei varm og open kyrkje for alle? Og eg har sett at her blir svara til meir enn berre fine ord.

Eg vil takka for innblikket og inspirasjonen eg har fått i desse to sokna – midt i hjartet av Haugalandet. Takk for korleis de har hatt imot meg, korleis de har delt tankar og kjensler, og opna opp for samtalar kring kyrkja si framtid her i bygdene.

De har synt meir himmel på jord både i engasjement, bøn, song og samtalar.

Himmel på jord – det er når ti eldre på Sjukestova finn glede i å synga Namnet Jesus i lag. Det er når soknerådsmedlemmar fortel om å høyra til i kyrkja og ivrar for at fleire finn same glede.

Meir himmel i Tysvær er når frivillige på Supertorsdag auser nydeleg suppe i tallerkane til takknemlege små og store, og det er når ungene syner dei vaksne bevegelsane til lovsongane på samlinga.

Meir himmel på Bokn skjer for eksempel når borna syng “En himmel full av stjerner” på gudstenesta, og me deler nattverdsfellesskapet etterpå.

Samtaledag

Visitasen starta med ein dag med gode samtalar. Med dei tilsette i kyrkjene, men ikkje minst med sokneråd og fellesråd for begge sokna. Dei frivillige som har blitt stemt inn i råda er det me no kallar «styringstenesta» i kyrkja. Det var ei glede å høyra kva rådsmedlemmane tenkte om både styring og leiing. Eg møtte folk som ope fortalde om sine vegar inn i kyrkja, og eg blei rørt! Tenk at kyrkja rommar alle våre ulike historier og ulike måtar å uttrykke tru på. Møta med råda ga meg godt håp om at soknearbeidet i framtida vil kunne romma ein endå større breidde av medlemmane våre.

Kyrkja er ikkje berre dei som engasjerer seg, men ho treng absolutt at mange gjer det også.

«Det er skummelt å tenka nytt i kyrkja, men det er enda skumlare viss folk ikkje kjem» var det ei som sa.

Korleis kan kyrkja kommunisera godt med ein generasjon som manglar felles referansar til bibelhistoria? Kva skjer når mange av dei unge vaksne er så travle og slitne at tida ikkje rekk til frivillig engasjement? Og kva kan gjerast for at kyrkja blir ein naturleg møteplass for dei unge familiane så dei kjenner at dei blir satsa på?

Svara våre på dei nye utfordringane kan ikkje vera dei same som på dei «gamle» og kjende utfordringane for kyrkja. Då utviklar me oss ikkje. Eg heier på nytenking, sjølv om det er skummelt!

Då er det godt å ha stabar som har tilsette med lang erfaring på staden. Marit Sofie er ein bauta i barne- og ungdomsarbeidet! Takk for det du betyr og har betydd for ein heil generasjon her. Soknepresten som fekk jobben med å hoppa etter Arne prest, har no sykla og padla seg varm her på staden og er glad i å slå av ein prat med folk. Også ferskare krefter har kome til, både i stab og

sokneråd. Lytt til kvarandre, våg å prøva ut nye ting og gi nye idear ein sjanse. Det treng ikkje vere farleg å prøve ut ting, for så å pakka det bort viss det er best – alt soknearbeid er ikkje meint å vara i 30 år.

Eg er samd med dei som vil løfta fram kvardagskyrkja i enda større grad. Eg plar riktig nok seie at det viktigaste for kyrkja er at me feirar messe og ber saman. Men det kan og skje som ein del av kvardagskyrkja! I Bokn skjer kvardagskyrkja på bedehuset, i idrettshallen og på Boknatun. I Tysvær er den her på Soknehuset, som på mange måtar fungerer som ei arbeidskyrkje. Me kan bruka ledd frå gudstenesta i samlingar me har på speidar, dåpsskule og Supertorsdag. Ta inn «La oss prise Herren!», lystenning og nattverd, og kall det gjerne ei kvardagsgudsteneste eller minigudsteneste. Det kan vere med på å ufarleggjere søndagsmessa og senka terskelen for å komma dit. Og dei yngste kan lettare læra seg bønner og liturgi når dei høyrer det oftare.

Eg vil takka for det viktige og langsiktige arbeidet begge sokna gjer med trusopplæringa Kyrkjenær. Tenk at alle frå 0-18 får ein mogelegheit til kontakt med kyrkja årleg! Den høge oppslutninga vitnar om god kvalitet på opplegget, og ei folkekyrkje som står støtt og med djupe røtter.

Kyrkjenær er eit døme på samarbeid om ressursar mellom fellestråda i Bokn og Tysvær. Tysdag fekk me eit historisk fyrste møte mellom dei to råda. Eg høyrde at trass nokre forskjellar, er det mest likskap mellom dei to sokna. Båe fortel om positive kommunar og kyrkjebygg som blir tatt godt vare på.

I Bokn ville eit eige soknehus vært til glede for ikkje berre kyrkja men heile kommunen. Gjerne eit sambrukshus som fleire lag og foreiningar kan nytta. Eg håper at kommuneleiing og kyrkje fortset samtalen om korleis ein kan skapa gode stader til trygge møteplassar. Kanskje særleg for barn og unge som pandemien råka hardt. Bokn Arena er eit flott bygg, men dekker ikkje alle behov for samlingar.

Ein tenleg plass der kyrkja kunne invitera til minnemøter etter gravferder hadde og vore til nytte for alle.

I Tysvær er soknehuset i bruk 200 dagar i året! Det syner både eit behov og ein mogelegheit. Her er utfordringa å ta vare på eldsjelene som driv huset så godt, og også leggja til rette for at nye generasjonar kan engasjera seg. Lykke til med 25-årsjubileet for huset, bruk jubileet klokt!

Bokn

Ein visitas skal gje biskopen mogelegheit til å sjå ikkje berre soknelivet, men heile lokalsamfunnet. Bedriftsbesøk høyrer med, og på Bokn fekk eg vitja garden til den unge bonden Emilie Moi Eikje. Ei imponerende stå på-vilje og evne til å ta ansvar for både tradisjon og verdiskaping som samfunnet treng, gjorde inntrykk på meg. At ho i tillegg sit i soknerådet og har mange gode idear lovar godt for Bokn.

Takk for fint og interessant møte med kommuneleiinga i Bokn! Spanande å høyra om utbyggingsplanar i Føresvik, og kjekt at det er fleire unge gardbrukarar som satsar på Bokn. Desto meir bekymringsfullt at planane om ny trase for E39 vil øydelegga for både bustader og jordbruksareal. Eg skjønner godt frustrasjonen over å måtte venta på avgjerder, og korleis dette skapar ei uro i heile kommunen. Eg vil fylgje situasjonen og ha tankane mine hos de som kan få livet snudd på hovudet av denne valdsame samferdselsutviklinga.

Det blei ei flott frivillig-fest i Bokn Arena! Takk for gode møter der, og takk for innsatsen eit stort dugnadslag legg ned for soknet. Gratulerer med den heilt ferske boka «1000 år på Kyrkjehaugen»!

Den gler eg meg til å lesa. Eg er samd med forfattar Birger Lindanger som så klokt seier: «Har me ikkje kunnskapen om kjerka med oss, så har me ikkje fornaring om koffer me e så løgne så me e!»

Tysvær

I Tysvær fekk me eit særst spanande besøk hos Haugaland Næringspark. Dei dyktige tilsette fortalte med slik eit engasjement, tru og håp for framtida at eg kjem til å ta både dei og prosjektet med i bønene mine! Denne samskapinga mellom offentleg og privat sektor vil koma til å bety store ting, ikkje berre lokalt, men og globalt.

Kjekt også å møte Tysvær kommune og høyra om gleder og utfordringar her. Frivilligheita er stor i kommunen, slik me og kjenn igjen frå kyrkjelivet. Men mangel på rekruttering av både tilsette og frivillige kan me og kjenna oss igjen i. Godt å vita at kommunen tenker langsiktig og planlegg eit helsekvartal som skal effektivisera personalbruken. Det er og kjekt at kyrkja er med og spelar inn til dette konseptet.

Som i resten av landet har og barn og unge i Bokn og Tysvær utfordringar med utanforskap, mental helse, tryggleik og trivsel. I Tysvær våg litt alt tett i hop, idrettslag, skule, soknehus og kyrkje. Ta i bruk mogelegheitene som finnes for samarbeid og samskaping! Møtet med skulen i Tysvær våg stadfesta eit godt og tenleg samarbeid mellom kyrkje og skule, men og behovet for at alle gode krefter spelar på lag når det gjeld å skapa gode kår for dei unge.

Derfor var det særleg kjekt å komma til ungdomsklubben her på laurdag. At heile 80 unge kan samlast til eit rusfritt og trygt arrangement slik dei har gjort i årtider, seier noko om ein stabilitet og oppslutning mange kan misunna dokker.

Her viser og dugnadsanden seg i vaksne som er til stades og tar ansvar. Utan hadde det ikkje gått. Takk!

Torsdag kveld inviterte Tysvær sokn til eit ope møte med samtale om kyrkja og bygda. Det var flott å høyra engasjementet for korleis soknet kan inkludera enda fleire. Forteljningane om dei ulike organisasjonane sitt forhold til kyrkja og Soknehuset viste at her finnes lange tradisjonar for såkalla «synergier». Saman gjer me kvarandre betre! Dette er ein veg eg har god tru på for framtida for både Bokn og Tysvær sokn. Eit særst stort fleirtal av folk her er medlemmer i kyrkja. Då er det naturleg at me samarbeider med flest mogeleg i lokalsamfunnet.

Kyrkjetonar er i så måte eit godt eksempel på at kyrkja ynskjer å vera i dialog med folk flest. Bladet er sokna si viktigaste kanal til alle medlemmane! Det er godt og breitt, og syner at kyrkja er opptatt av samfunn, kultur, lag og foreiningar. Fortsett med å laga eit blad som speglar både folk og kyrkje!

Det blir sagt at folket her har «ei beskjeden gudstru». Det er eit uttrykk eg har sansen for. Trua er der, men kjem til uttrykk på ulike måtar, til ulike tider. Kyrkjegang søndagar er kanskje ikkje det vanlegaste uttrykket. Eg vil takke dykk som går jamleg på gudstenester, og som på den måten held liv i kyrkjene her! De feirar Jesu oppstode på vegne av heile soknet, og ber og lovsyng på vegne av heile soknet. Det er ei særst viktig teneste!

«Guds menighet er jordens største under» song me på bygdekvalden her på torsdag. Kyrkja er Guds avtrykk i verda. Ho står sjølv om tårna faller, som det heiter i salmen. (Og eg vonar at tårnet på Bokn kyrkje står av nokre vinterstormar til!)

Men kyrkja er ikkje tårna eller soknehuset – eller dei tilsette for den saks skuld. Kyrkja er alle folka som er her, me – som har ei tru på Gud, beskjeden eller ubeskjeden – og som ynskjer å høyre til og vere med å skapa meir himmel på jorda i Tysvær og Bokn.